

Kjell Nedreaas
Askelandsvågen 58
5993 Ostereidet

Askelandsvågen, 30.12.2022

Alver kommune
Postboks 4
5906 Frekhaug


SØKNAD OM TILSKOT TIL SKOGSVEGBYGGING

På vegne av 11 grunneigarar på Askeland (gnr. 16 og 17, postadresse Ostereidet) sender eg søknad om tilskot til skogsvegbygging inkl. vedlegg. Når vi får nærare avklart kostnader, støtteordningar og tekniske mogelegheiter for å ta ut tømmer med taubane, så kan det bli aktuelt for ytterlegare 1-2 grunneigarar i Rød (gnr. 15) å ta ut tømmeret via den planlagte skogsvegen.

Vegplanleggjar er Nils Kaalaas, no pensjonert skogsjef frå tidlegare Lindås kommune. Endeleg oppmåling gjorde han saman med Ove Frotvedt, FanAgro AS. Vegprosjektet vårt er delt opp i tre underprosjekt med ulikt bidrag frå grunneigarane i høve til kor mykje skog dei har, og kva delar av vegen som dei vil nytte til å ta ut sin eigen skog. Grunneigarane vil kome saman på nyåret for å skipe eit veglag med vedtekter, og vi vil snart starte prosessen med anbodsinnbyding og synfaring for potensielle vegbyggarar/entreprenørar.

Søknaden blir sendt både per e-post og som rekommandert brev. Vi vil straks ettersende ytterlegare dokumentasjon viss ønskje/trong for det.

På vegne av grunneigarane



Kjell Nedreaas

Vedlegg:

- Søknad med underskrifter
- Planteikning av skogsbilveg, målestokk 1:2000, som lengdeprofilane er relaterte til
- Oversiktskart skogsbilveg, målestokk 1:5000 og 1:50000